



Mottakere ifølge liste

Dykkar ref.

Vår ref.

16/776-11/FE - 035, TI - &17//INGLIT


Dato:

08.06.2017

Referat frå styremøtet i Regionrådet Vest 29.05.2017

Stad:	Rådhuset i Fjell
Dato:	27.05.2017
Tid:	12 -14.30
Desse møtte:	Børge Haugetun (møteleiar), Marianne Sandahl Bjørøy, Kari- Anne Landro, Siri Fahlvik Pettersen, Steinar Nesse, Rune Lid Inger Elin Litlere (møtesekretær).
Andre:	Sigmund Kvernes, Gode Sirklar, Tone- Merethe Aasen , SINTEF og Tom Georg Indrevik, Gode Sirklar

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
08/17	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Ingen merknad til innkalling eller referat. Kom spørsmål til Fjell vedrørende sak frå førre møte, kring oppfølging av veteranar. Fjell kommune har vore i kontakt med aktuell kandidat til å representere dei tre kommunane i dette arbeidet, men det vert ikkje aktuelt før i 2018. Dette då andre store aktivitetar som Sykkel-Vm og Møbelringen cup tek tid no i 2017. Konklusjon: Øygarden kommune tek saka og undersøker om dei kan stille med denne felles kontaktpersonen. Innkalling og referat vart godkjent.
09/17	Referatsakar	Ingen kommentarar til referatsakene.
10/17	Nye Sotra Vidaregåande skule i Framtidas kunnskapskluster i Sotra Kystby Vedlegg:	Sigmund Kvernes i Gode Sirklar og Tone Merethe Aasen (SINTEF) orienterte om status for kunnskapskluster prosjektet i Sotra Kystby. Dette er eit viktig prosjekt for regionen, som skal legge til rette for etablering av ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgare utdanning og fagskuleutdanning. Prosjektet er sett i gang med utgangspunkt i intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune. Der står det at «det skal jobbast med å få etablert ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgskuleutdanning, til erstatning for den vidaregåande skulen på Bildøy». I den vedtekne skulebruksplanen til Hordaland fylkeskommune går det fram at det skal etablerast ein ny Sotra vidaregåande skule i kollektivknutepunktet Straume/Bildøyna og at Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund, vert avvikla og erstatta med den nye skulen i Straume

	 <p>Frantidas kunnskapsklynge i So</p>	<p>området.</p> <p>Gode Sirklar har vore i kontakt med Hordaland Fylkeskommune.</p> <p>Det er ønskeleg frå fylkeskommunen at kommunane her ute (Fjell, Sund og Øygarden) eig prosjektet. Hordaland Fylkeskommune stiller med representantar i styringsgruppe, saman med folk frå bl.a. Høgskulane og Fagskuler.</p> <p>Regionrådet stiller nokre spørsmål kring fylkeskommunen si rolle i dette arbeidet. Ein tek óg fram at det er viktig at næringslivet og offentleg sektor er tidleg med i dette arbeidet. Regionrådet er oppteken av å arbeide i tett dialog med fylkeskommunen gjennom fylkesdirektøren for opplæring og regionalavdelinga. Dette prosjektet må ikkje være eit prosjekt som går på sida av planane til fylket, dei må sjåast samanheng. I dette prosjektet er ikkje lokalisering teke med som tema, men regionrådet meiner det er viktig å sikre store nok areal til dette- og trur ikkje ein kjem unna diskusjon om lokalisering.</p> <p>Tone- Merethe Aasen (TMA)er foreløpig prosjektleiar. Det er kommunane/eigar av prosjektet som bestemmer om det skal fortsetje slik.</p> <p>TMA gjekk og igjennom organiseringa slik den ligg føre no. Det er ønskeleg at styringsgruppa samlast snarast. Ambisjon om at den er klar til medio august 2017.</p> <p>Det vart reist spørsmål om finansiering og kven som skal finansiera dette prosjektet. Kva kan ev kommunane bidra med sjølv?</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Regionrådet Vest ønskjer tett dialog med Hordaland Fylkeskommune for å få realisert ny og stor nok vidaregåande skule i Sotra Kystby.</p> <p>Fram til neste møte i regionrådet skal rådmennene i dei tre kommunane, i samarbeid med Gode Sirklar, leggja fram ei sak om kunnskapsklusteret</p> <p>Det vidare arbeidet med kunnskapskluster-prosjektet treng finansiering</p> <p>Det er aktuelt å søkje om støtte frå fylkeskommunen til prosjektet. Det må og vurderast om kommunane kan løyve pengar til dette, eventuelt med «kommunereformpengar».</p> <p>Rådmannen i Øygarden tek ansvar for å lage saksgrunnlag i samråd med Sigmund Kvernes.</p> <p>Det hastar med å få fullført prosjektet, så det vart bestemt at regionrådsmøtet den 25. september utgår, og nytt møte vert sett til 21.august. Her skal også skulesjefane delta. Møtet vert kl. 12.00 i Sund kommune.</p>
11/17	Skjønsmidlar 2017	<p>Det vart orientert om midlane kommunane i regionen fekk tildelt frå Fylkesmannen. Regionen fekk tildelt midlar til 6 av 7 prosjekt.</p> <p>Regionrådet ønskjer å følgje opp prosjekta. Nokre av prosjekta er akkurat satt i gang, og det tek tid før ein kan få ein statusoppdatering av dei.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Regionrådet vil fortsatt følgje opp dei prosjekta som fekk tildelt midlar i 2016. To av prosjekta vert invitert til regionrådsmøte i august for orientering om status. Også til møtet i november vil ulike prosjekt som har fått tildelt midlar bli invitert inn for orientering om status.</p>
12/17	Tilskot til vegar og digitaliseringstiltak	<p>Kommunal- og modernisering departementet har sett av 150 millionar kroner til vegar og digitaliseringstiltak.</p> <p>Regionrådet er einig i at dei tre kommunane må søkje om desse midlane. Fristen for å søkje er 1.juni.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Styret vil i første omgang søkje om å få utsett denne fristen med 2 veker. Sekretariatet tek denne oppgåva.</p> <p>Rådmannen i Fjell kommune tek på seg å søkje om 4 millionar til</p>

		prosjektering av vegsambanda mellom Kolltveit- Austefjorden og Kolltveit- Ågotnes. I tillegg vert det søkt om ein million kroner til digitaliseringsprosjekt.
13/17	Ymse	<p>Status for Bergen reiselivslag Styreleiar i Gode Sirklar, Tom Georg Indrevik, orienterte om status for Bergen Reiselivslag. Fjell, Sund og Øygarden er med i ein samarbeidsavtale med Bergen Reiselivslag. Organisasjonen skal vere ein felles ressurs for reiselivsnæringa i dei tre kommunane i vest, og kommunane i Nordhordland, i denne samanhengen definert som Region Bergen.</p> <p>Det er no avklart at region vest og region Nordhordland deler på ein styrerepresentant i Bergen Reiselivslag. Region Vest får fast styremedlem dei to første åra, medan Nordhordland får vararepresentant. Økonomi. Bergen Reiselivslag sender ut forslag på om det skal betalast kontingent, driftstilskot eller kjøp av tenester. Bergen Reiselivslag er medlemsorganisert og sender ut informasjon til sine medlem. Styret i regionrådet var einig i at formannskapane i dei tre kommunen skal vere haldt løypande orientert, samt sakgruppa næring og utvikling i Sund kommune. Det er webbasert informasjonsflyt.</p> <p>Det vert lyst ut stilling som «kystminister» rett før/like etter sommaren. Stillingsbeskrivinga er no klar.</p> <p>Vi har brukt «kysteventyr» som merkevare i mange år. Det brukast og i Nord- Noreg. Bergen Reiselivslag vil komme tilbake med eit forslag på kva vi skal profilere oss på.</p> <p>Brannsamarbeid Ordførar i Sund kommune, Kari- Anne Landro, kom med innspel kring sak om brannsamarbeid. Alle kommunane skal ha dette som sak i kommunestyra no i juni.</p> <p>Det ligg ute eit forslag at sted for øvingar for brannvesenet skal vere i Os kommune, Endelausemarka.</p> <p>Ordførar i Sund ønskjer å spele inn at i Sund kommune har dei Nutec (Falck Nutec), der aktiviteten er redusert, mellom anna på grunn av nedgang i oljebransjen.</p> <p>Nutec har kome med innspel om at dei kan vere aktuell stad å ha desse øvingane. Er det noko som alle dei tre kommunane kan tenkje seg å spele inn i saka som skal til kommunestyra i juni?</p> <p>Konklusjon: Regionrådet stiller seg bak forslaget om å foreslå å nytte Nutec som øvingar for bl.a. brannvesenet.</p> <p>Det som ligg i samarbeidet er at ein skal bruke styrkene som er i kommunane. Nutec har gode føresetnader til øvingar, både på land og til vanns.</p> <p>Sund kommune skriv informasjon om bruk av Nutec og sender til Fjell og Øygarden kommunar.</p> <p>Alle kommunane tek dette med til behandling i kommunestyra.</p>

Med helsing

Inger Litlere Hetlevik
sekreteriat regionråd vest

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi:

Beate Hetlevik
Grethe Bergsvik
oddlaug.hansen@sund.ko

Kopi:
mmune.no
Vigleik Brekke

KOPPI